

Lagsblad for Bondeungdomslaget i Oslo - 87. årgangen

Stor strategilaurdag for tillitsvalde 20. juni

Alle grupper, nemnder og særslag inviterte til strategiseminaret som avsluttar vårsesongen.

Dette er den første konkretiseringa av femårsplanen som årsmøtet vedtok. Fleire tiltak for 2009 skal spesifiserast nærare, og alle tillitsvalde vil ha nytte av å delta i utforminga.

Det er også eit mål å få alle særлага inn i "årshjulet" - det store kartet over faste rutinar og

tilskipingar i laget - slik at det går lettare å få oversyn og dra heile lasset i lag.

Dette er ei utviding av styre-seminaret vi plar ha på forsommaren. Vi skal finne ein landleg plass å vere, og håpar mange set av denne laurdagen!

Meld dykk til lagskontoret!

[Leiarteigen]

Sams tak!



Så har vi lagt bak oss nesten heile den delen av BUL-året som inneheld mest papir.

Eg takkar fot tilliten som attvalet inneber, men kan ikkje love anna enn å gjere så godt eg kan. No håpar eg alle får glede av aktivitetane sine resten av vårse-songen, og får seg ein vel fortent sommarferie land og strand rundt.

Men vi har eit viktig nytt sams tak å ta før vi er så langt. Lagsstyret brukar ha eit styreseminar på forsommaren. Det vil vi utvide til å inkludere alle tillitsvalde, og til å konkretisere så mykje vi kan av detaljane i den strategiplanen alle har vore med på å vedta på årsmøtet. Her er det særslag og nemnder som veit kor skoen trykjer når det kjem til dei praktiske tinga. Lagsstyret har ikkje noko ønske om å finne opp desse konkretiseringane over hovudet på dykk.

Vi vil ha eit "årshjul" der tag-gane i små og store tannhjul går i hop. Vi er no ein gong éin kropp, og må ordne rutinane og planane våre etter det. Det skal vi få til!

Så før vi kastar oss i bølgiene og slepp alle fivrelld (og kvefsar) laus: Vel møtt til storseminar!

Berre eit tips før de forsvinn over alle haugar ut i sommarland: I år skal Frikar og BAUT-gjengen vere med på Bislett Games-opninga.

Wenche

Innkalling til omframtr årsmøte og generalforsamling i BHAS

INNKALLING TIL OMFRAMTR ÅRSMØTE I BONDEUNGDOMSLAGET I OSLO

Medlemene i Bondeungdomslaget i Oslo vert med dette kalla inn til omframtr årsmøte i Bondeungdomslaget i Oslo onsdag 10. juni 2009 kl. 18.00 i Teatersalen i Rosenkrantzgt. 8.

Sakliste:

1. Opning og konstituering
2. Generalforsamling i Bøndenes Hus AS
3. Revisjonsmelding for BUL
4. Konsemreknenskap 2008
5. Val
- varamedlem valnemnda

Sakspapir er tilgjengeleg på lagskontoret. Oslo, 6. mai 2008

For Lagsstyret i BUL

Wenche Blomberg/s/ Kari Bøyum
styreleiar dagleg leiar

Til generalforsamlinga i Bøndenes Hus AS

Oslo, 29. april 2009.

INNKALLING TIL GENERALFORSAMLING I BØNDENES HUS AS

Det blir med dette kalla inn til generalforsamling i Bøndenes Hus AS **onsdag 10. juni 2009 kl. 18.00** i Teatersalen i Rosenkrantzgt. 8.

Sakliste:

1. Godkjenning av sakliste og innkalling. Val av ordstyrar, møteskrivar og ein til å skrive under møteboka saman med ordstyrar.
2. Godkjenning av årsreknenskap og årsmelding for Bøndenes Hus AS og konsernet for 2008.
3. Førjing av resultat.
4. Fastsetting av styrehonorar for 2008.
5. Fastsetting av honorar til revisor for 2008.
6. Fornying av fullmakt til styret i Bøndenes Hus AS til auka låneopptak.
7. Framlegg om endring av selskapet sine vedtekter.
8. Val til styre.
9. Val av valnemnd.
10. Orientering om utviklinga i selskapa.

Årsmelding og årsreknenskap er lagt ut på Lagskontoret for gjennomsyn saman med framlegg under punkt 6 og 7. Dei som ønskjer å få tilsendt sakspapira, kan ta kontakt med Lagskontoret.

For styret i Bøndenes Hus AS

Gunnvald Grønvik Hans-Jul Mikkelsen
Styreleiar Konsernsjef



Bjeff:

Skaff laget ein "grasrotandel"!

På årsmøtet la eg ut "flygarar" om "grasrotandelen" til Norsk Tipping. Eg synest styret bør oppfordre medlemmene til å registrere sitt spelekort til Bondeungdomslaget i Oslo eller Idrottslaget til BUL (som både har registrert seg). Vi kan dermed få 5 % av det folk brukar på spela til Norsk Tipping utan å "løfte ein finger", anna enn å registrere oss (som vi alt har gjort) og få medlemmer og sympatisørar til å registrere seg.

Eksempel:

Dersom eit medlem brukar kr. 100,- for veka, vil Laget få ein femmar. På eit år vert det kr. 260. Greier vi å "verve" 100 medlemmer som registrerer Laget som sin mottakar av "grasrotandel", vil Laget få kr. 26.000 pr. år i inntekter. Dette er inntekter ein ikkje har hatt tidlegare (dersom ein ikkje har hatt speleautomat-inntekter då, men det er vel ein del år sidan i så fall).

Med vennleg helsing Olav Kårevik

FRIKAR og BAUT til Bislett Games-opninga!

Bislett Games er eit stort internasjonalt friidrettsstemne som er ein del av IAAF sin Golden League. Til dei som ikkje veit det: Tilskipar er Bislettalliansen, som idrettslaga BUL, Vidar og Tjalve står bak.

Det kjem alltid store stjerner til dette stemnet, og mediemerksemda er stor. I år er det særleg morosamt for oss at BAUT får vere med på opningsseremonien fredag 3. juli - og det saman med gruppa Frikar (som på den tida truleg er blitt internasjonale).

Kva vil dei finne på? Det er førebels ein løyn-dom. Men dei beste hallingdansarane sparkar 2,45 meter høgt, og det er vel omlag der verdsrekorden i høgde ligg. Vil dei prøve å sparke NED lista? Kva skjer i hekkbana når våre unge kjem og tek Bislett med storm?

Store sjansar for å kome på TV iallfall! Det er god reklame for BAUT-prosjektet.

Kanskje kunne det vere ein idé å tinge billetter?

Eigarmøte om BAUT

Leiarane for BAUT-eigarane skal møtast 8. mai for å starte drøftingar om kva som vil vere den beste organisasjonsforma for barne- og ungdomsteatret i framtida - stifting, aksjeselskap eller noko anna?

Allsong

Jada: Torsdag 23. april kunne me gleda oss over ein ny triveleg allsongkveld i Teatersalen. Songlaget har teke over allsongkveldane som starta for tre år sidan, og no går dei heilt for eiga maskin.

I år var det Kjetil Almenningen, ny domkantor i Bergen, som var med å syngja våren inn med dei over 60 oppmøtte. Han passa nøye på at dei fram-møtte allsongarane endeleg lærte seg å syngje Mozart rett, og losa oss gjennom omtrent alt som finst av songar med "vår" i. Neste gong kan dei godt vere enda frekkare i repertoaret.

Vi fekk også høyre smakebitar frå den komande jubileumskonserten der alle kormedlemene kjem med sjølvvalde solonummer (pass på: Nils Norman Iversen er BUL sitt svar på Susan Boyle!).

Det vart svært god stemning med masse trallala og kaffikvad ved sidan av eit storvegs kakebakeri og flotte loddpremiar. Songlaget skal ha skryt for dette!

Maria/Wenche

BUL uroa over økonomien i DNT

Teatret er i økonomisk krise, og årsmøtet 26. april var prega av ein aktiv møtelyd som var uroleg for stoda.

Som største aksjonær tok laget ansvar og sende eit brev til teaterstyret med viktige spørsmål om handteringa av økonomien i forkant av årsmøtet.

Dette fekk vi svar på som vi fann tilfredsstillande, og etter ei utgreiing om kva for grep styret no tek, var attval av styreleiar uproblematisk. Vi kjem til å følge med frametter og.

Kort og godt årsmøte i laget

Det vart i år eit rekordkort møte, med opning kl. 19 og avslutting kl. 22.10 - utan at det vart dårlegare av den grunn. Lagsstyret har oppsummert fleire grunnar til dette:

- Bruk av BUL-stikka på førehand til å presentera og diskutera saker
- Lagsmøte i januar med informasjon og diskusjon kring årsmøtesakene
- Godt gjennomarbeidde og ordentlege sakspapir
- Færre deltakarar på årsmøtet
- Lagsstyret var godt førebudd til møtet.

Ordstyrarane gjorde òg ein god jobb, og det var ei sakleg og positiv stemning. Og vi takkar ungdomane i BAUT for eit sprekt innslag!

Særlaga

MÅLNEMNDA

hadde nynorskurs på BLS i mars. Det var mest elevar frå dei vidaregåande skulane i Akershus som kom. Ola Breivega var lærar.

HYTTENE

Både Røkleiv- og Bondehytta kan leigast for få eller mange dagar heile året! Kontakt Lagskontoret.

LEIKARRINGEN

har vore på orreleik i tjukke skauen. Alle kom levande heim att og ligg i hardtrening til 17. mai. Dei har også blåse liv i Olivant, som er kome i elektronisk utgåve. Ikkje-medlemer kan vere med på tysdagsøvingane for 50 kroner.

SONGLAGET

førebur seg på jubileumskonsert 10. mai, og 17. mai-deltaking. Åsta Bjerkestrand er ny leiar.

Songlaget har lagt bak seg eit godt år med utgjeving av CD som den store hendinga. Koristane og dirigent har lagt ned mykje arbeid og er mektig stolte av "Solbøn". Til hausten vil Songlaget gå i gang med eit nytt prosjekt, denne gongen ein jule-CD.

TEATERLAGET

- no altså med nytt namn - har laga ein kortversjon av Vildanden-oppsetjinga til Norsk Amatørteaterfestival torsdag 7. mai.

BARNELAGET

SFO-gruppene og hallingkurs-deltakarane syner fram kva dei kan i Teatersalen 3. og 4. juni, og blir dessutan med på Bygdøystemnet 7. juni.

BUNADNEMNDA

har lånt ut ein raud kvinnebunad frå Romerike til ei kulturutvekslingsutstilling som UD og Bunad- og folkedraktrådet skal ha i Islamabad, Pakistan, frå april og ut august. Dei syner fram to bunadpar, frå Aust-Telemark og Romerike. Desse blei monterte på dokker og reiste trygt i spesialkasser.

IDROTTLAGET

SENTRUMSLØPET

sundag 3. mai blei ein ny suksess for IL, med ein formidabel deltakarauke og utan mange falne undervegs. Godt vêr, masse folk og mykje god BUL-reklame i byen. Ein flokk ungdomar frå BAUT deltok på scena også, med ein heftig miks av dansestilartar.

Bestemann frå våre eigne rekkjer kom i mål eit godt stykke nede i hopen av 3 400 dampande kar- og kvinnfolk, men det var sjølv sagt fordi alle dei andre var funksjonærar under løpet. Ingen mangel på dugnadsvilje der i garden. Og neste år går løpet - verdas største gateløp på nynorsk - for 30. gong.

Slekta

NOREGS UNGDOMSLAG

sitt årsmøte er på Hamar i år, og hovudsakene blir full revisjon av kontingentsystemet, fylkeslagsstrukturen, husmedlemskap i NU og spørsmålet om gjenoppretting av samfunnsrådet. Dessuten rettar ein seg inn mot valkampen, og spør kven av partia som vil bruke pengar på lokale kulturhus.

BLS

lagar eigen dansekveld 17. mai etter Brusteballet, og førebur Bygdelagsstemnet.



NOREGS MÅLLAG

Håvard Øvregård vart vald til ny leiar i Noregs Mållag på landsmøtet i Oslo, helga 24.-26. april. Hege Myklebust går dermed av etter tre år som leiar. Den nye leiaren sat som nestleiar førre periode, og har i tillegg røynsle frå ei rekkje organisasjonar.

- Vi må få meir nynorsk i skule og barnehage, meir nynorskopplæring til innvandrarar og meir nynorsk i media, seier Øvregård.

17. mai-lunsj med palestinske gjester

"Nasjonalt sjølvstende, ein menneskerett vi også unner andre?" - Dette spørsmålet stilte leiaren i NU i siste nummer av Ungdom, med referanse til krigen mot Gaza i vinter.

Vi sluttar opp om denne problemstillinga 17. mai ved å invitere palestinske gjester til lunsjen. Tale for dagen blir ved Synne Holan frå Norwac, ei av dei her i landet som har halde på med solidaritetsarbeid for palestinarane lengst, og som var ein effektiv koordinator for Gilbert/Fosse da dei var inne i Gaza under krigen. Det står som kjent kvinner bakom alt.

BLS og NU sluttar opp om tilskipinga i år.

Vi gjer slik vi har gjort dei siste åra: sel billetter i hotellresepsjonen på førehand, fram til ettermiddagen 16.5. I år kan det bli trongt, så de gjer klokt i å vere tidleg ute! Same pris som i fjor: kr. 150/70.


Og tilskipinga er open for alle. Sei det vidare.

Songarane jubilerer!

Songlaget markerer sine 95 år med eit lite "Jubileumsshow". Trur du at du kjenner Songlaget godt? Vil du bli litt betre kjend med koristane? Har du lyst til å sjå heilt nye sider av koret?

Kom til Songlaget sitt **"Jubileumsshow" i Sagenes Festivitetshus 10. mai kl 18.**

TIL



Attende til:

BUL, Rosenkrantz gt. 8, 0159 Oslo

Lagskontoret

Kontortid kvardagar kl. 9–16
Sentralbord tlf. 23 21 41 60 lagskontor@bul.no

Kari Bøyum, dagleg leiar, tlf. 23 21 41 63
kari.boyum@bul.no

Oddfrid Bjørndal, kontormedarbeidar, tlf. 23 21 41 62
oddfrid@bul.no

Hege F. Pedersen, dagleg leiar Idrottslaget
idrottslaget@bul.no

Olav Aaboen, arrangement Idrottslaget, tlf. 23 21 41 69

Tillitsvalde

Lagsleiar: Wenche Blomberg, tlf. 22 37 38 10
wenche.blomberg@jus.uio.no

Nestleiar: Arne Nordvi, tlf. 22 14 95 43/415 55 807
arne.nordvi@gmail.com

Styremedlemer:

Vigdis Rønning
Trond Reitan
Sveinung Helgheim

Varamedlemer:

Olav-Johan Øye
Marie Nicolaysen
Maria Svendsen

Ansvarleg redaktør for BUL-stikka: Wenche Blomberg

Særlagskontaktar

Barnelaget:
Trine Sjølyst 958 59 834

Idrottslaget:
Rune Stenersen 932 28 853

Leikarringen:
Steinar Hernes 913 52 377

Songlaget:
Åsta Bjerkestrand 918 13 130

Teaterlaget:
Henning Værnes 957 22 989

Den mangfaldige scenen (BAUT): Lagskontoret

NB: Saker til lagsstyret må inn ei veke i førevegen!

Kalenderen

Mai

7. Vildanden på Amatørteaterfestivalen, Det Norske Teatret kl. 19
10. SOLO - Songlaget sin jubileumskonsert i Sagene Festivitetshus kl. 18
17. Tradisjonell 17. mai-feiring:
Kl. 13 Lunsj i Teatersalen - førehandssal av billetter i hotellresepsjonen t.o.m. 16.5.
Kl. 18.14–20.09 Brusteinsball på Universitetsplassen

Juni

4. Framsyning med SFO-barn i Teatersalen, kl. 17
6. Lynkurs for barn med dansefeber, Teatersalen kl. 12-16
7. Framsyning på Folkemuseet med barna frå lynkurset 6. juni
7. Bygdelagsstemnet på Folkemuseet på Bygdøy
10. Omframnt årsmøte/generalforsamling BHAS
20. Strategiseminar for tillitsvalde

Juli

3. Opning Bislett Games
- 27.7.-2.8. Folkekulturfestivalen, Hamar

August

25. Start for Barnelaget i BUL si nye tysdags-gruppe

September

- Første plan/budsjettmøte med særlaga (dato kjem)

Oktober

17. Jubileumsfest - BUL 110 år

R8-oppdatering

BHAS skal ha eit styremøte i slutten av mai der dei vil ta standpunkt til finansiering av neste etappe. Dei ønskjer å framskande ventilasjonsanlegget, for å kunne bruke salen meir til utleige. Dersom vi skal ta ventilasjonsanlegget, må vi også ta lagsrommet samstundes. Etappe 2 blir dermed mykje større enn opphavleg planlagt. Deretter blir det stort sett berre scenen som står att.

Heisen er i utgangspunktet ikkje med i prosjektet til hausten. Vi har kontrakt med kiosken ut 2010. Skal heisen framskundast, må vi kjøpe oss ut av kontrakten. BHAS er lite interessert i å betale for å løyse oss frå den.

S.H.